

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal har i sak U-69/14 gjort vedtak om å legge ut forslag til *Regional delplan for attraktive byar og tettstader* til høyring, jf. plan- og bygningslova § 8-3. Planen skal avløyse gjeldande senterstrukturplan frå 2004 og er ei av dei prioriterte planoppgåvene i Regional planstrategi 2012-2016.

Føremålet med planen er å avklare den overordna senterstrukturen i fylket og gi retningslinjer for lokalisering av handel, tenester og andre utbyggingsføremål i kommunane. Planen skal legge til rette for utvikling av funksjonelle arbeids-, bu- og serviceregionar, fremme ei meir berekraftig by- og tettstadsutvikling og styrke samordna bustad-, areal- og transportplanlegging i og mellom kommunane.

Plandokumentet inneheld både ein plandel og eit grunnlagsdokument. Ein vil oppmode høyringsinstansane til særleg å vurdere innhaldet i plandelen, som har direkte forvaltingsmessige konsekvensar. Retningslinjene for etablering og utviding av større kjøpesenter vil vere juridisk bindande med heimel i Kjøpesenterforskrifta av 2008. Retningslinjene for lokalisering av handel, tenester, utbyggingsområde mv. skal leggest til grunn for arealplanlegginga i kommunane og for plansaksbehandlinga i fylkeskommunen, jf. plan- og bygningslova § 8-2.

Planforslaget vert med dette sendt til lokale handelsforeiningar, næringslag mv. til orientering og eventuell uttale. Vi tek sikte på å arrangere tre regionale høyringsmøte i løpet av august/september for interesserte. Det vil bli sendt eigen invitasjon til desse møta seinare.

Planforslaget og planomtale med konsekvensutgreiing følgjer som elektroniske vedlegg til denne sendinga. Planforslaget med tilhøyrande plandokument og lenke er også lagt ut på fylkeskommunen sine heimesider under [www.mrfylke.no/medverknad](http://www.mrfylke.no/medverknad).

Høyringsuttalar kan sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde eller på e-post til [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no). Merk brevet eller e-posten med *Høyringsuttale – Regional delplan for attraktive byar og tettstader*. Høyringsfristen er sett til 1. oktober 2014.

For meir informasjon kan ein kontakte fylkesplanleggar Max Ingar Mørk, tlf. 71 25 82 93 eller plansamordnar Johnny Loen, tlf. 71 25 82 88.

Med helsing

Ole Helge Haugen  
fylkesplansjef

Max Ingar Mørk  
fylkesplanleggar

## Høyringspartar

Kommunane i Møre og Romsdal  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeskommunale avdelingar  
Ungdomspanelet i Møre og Romsdal  
Fylkesbiblioteket Ålesund  
Statens vegvesen Region Midt  
Helse Møre og Romsdal HF  
Avinor AS  
Jernbaneverket  
Kystverket Midt-Norge  
Innovasjon Norge Møre og Romsdal  
NHO Møre og Romsdal  
LO Møre og Romsdal  
Hovedorganisasjonen Virke  
KS Møre og Romsdal  
Regionråda (SR, ROR, ORKidé)  
Møre og Romsdal Reiselivsråd  
Destinasjonsselskapa  
Høgskolane (Volda, Ålesund, Molde, Kristiansund)  
Møre bispedømmeråd  
Frivillige organisasjonar (eiga adresseliste)  
Lokale media (eiga adresseliste)  
Lokale handelsforeiningar og næringslag (eiga adresseliste)  
Amfi-kjeden/Thon Eiendom  
Wenaas kapital AS/Digerneset Næringspark AS  
Nordmøre og Romsdal bilbransjeforening  
Sunnmøre bilbransjeforening  
Reiselivsbedriftenes landsforening  
Norsk Lastebileierforbund Møre og Romsdal  
NAV Møre og Romsdal  
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap  
Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt  
Sunnmøre politidistrikt  
Nordmøre og Romsdal politidistrikt  
Norges vassdrags- og energidirektorat, region Vest-Norge  
Norges vassdrags- og energidirektorat, region Midt  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet